

10 MAI 2023

Alver kommune
Tenesteområde Plan, Utbygging og Kommunalteknikk
v/Byggesaksavdeling, Frekhaug

Uiset 9. mai 2023

Me viser til sak nr 20/2863, brev datert 30.01.2020, saksbehandlar Larissa Dahl.

Brevet datert 30.01.2020 gjeld
Godkjenning – løyve til oppføring av veg – gbnr 1/399 Flatøy

Me som skriv dette brevet, Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtzen eig gbnr 1/403 på Flatøy.
Me har nokre merknader/spørsmål knytta til vedtaket i denne saka.

Etter at løyve var gitt, kom vegbygginga raskt i gong. 13. mai 2020 var det synfaring på vegen. Desse deltok: Tiltakshavar Inge Østergaard, ansvarleg søker Delta Bolig Prosjektering AS ved Kurt Terje Sursen, utførende entreprenør Yngve Dale, grunneigar for største delen av vegen Hilda Austegard/gbnr 1/12 og Berit Hoffstad og Henrik Brigtzen/gbnr 1/403 som grunneigar for ein mindre del av vegen (og for naboeigedom).

Frå vedtaket i saka siterar me følgjande:

- A. Pkt.3 **Tiltakshavar skal utføre fjellsikring, murar og andre naudsynte sikringstiltak knytt til vegen** i samsvar med privat avtale motteke 21.01.2020 *).
- B. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligga føre:
Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Til pkt A ovanfor:

I merknadane ved synfaringa la me særleg vekt på sikringsarbeida som måtte utførast, i hovudsak på vår eigedom, gbnr 1/403 og på merking av grenser/plassering av grensemerke som var fjerna/sprengde bort under bygginga av vegen.

Sikringsarbeida gjeld i hovedsak ein lang og ca tre m høg skrent (etter sprenningsarbeid), rensking av laus Stein i skrenten, fjerning av lausmasse på toppen av skrenten, sikringsgjerde oppe på skrenten og mur ved enden av skrenten (ref teikning i byggjesøknaden).

Me har gått ut frå at gjennomføring av sikringsarbeida er ein del vegbygginga, at ansvaret dermed fell på tiltakshavar, slik det står i pkt A ovanfor. Dette er også delvis bekrefta av tiltakshaver. I ein e-post datert 30. mai 2020 med kopi til oss skriv tiltakshavar (Inge Østergaard): «Jeg er i gang med oppsetting av sikringsgjerde, i det jeg har fått boret fester i fjell for alle gjerdestolper, så langt som 2 hull på GBNR 1/403, der jeg ikke har funnet fjell, ennå.» Andre deler av sikringsarbeidet er ikkje nemnt. Det er lite sikring i nokre hol for gjerdestolpar – det har nemleg ikkje skjedd noen form for endeleg sikring etter det som vart skrive av tiltakshavar i nemnde e-post for snart tre år sidan.

Etter at me fleire gonger hadde etterlyst sikring av skrenten, vart det eit stykke inne på vår eigedom sett opp eit midlertidig gjerde av «not». Det kan hindra at nokon går seg utfor skrenten, men er langt frå tilfredsstillande, det er feilplassert og det sikrar ikkje for lausmassar på toppen av skrenten.

Forts neste side

Etter på ny å ha påpeika manglande sikring mottok me skriv frå IØ datert 30. nov. 2021 der det stod at «foreløpig sikring av fjellskjæring (- -) vil bli erstattet med en permanent sikring i.l.a våren 2022.» M a o vedkjenner IØ seg igjen at det er hans/tiltakshavar sitt ansvar å få sikringsarbeidet utført. Han skriv også at «foreløpig sikring» var «akseptert tilstrekkelig for «foreløpig brukstillatelse»». Me skriv no mai 2023. Hittil er ikkje noe permanent sikringsarbeid utført – altså tre år etter at vegen var ferdig bygd, og i bruk av IØ når han er på vitjing frå Austlandet.

Til pkt B framanfor:

I den nemnde e-posten 30. mai 2020 er der også merknader frå ansvarleg sokjar Delta Bolig Prosjeltering AS v/Kurt Terje Sjursen til eit oppmålingsfirma. Sjursen påpeikte at den innmålinga av vegen firmaet hadde gjort, var feil – bygde på feil plangrunnlag (plan B). Det var altså Sjursen ved hans firma som hadde ansvar for innmålingsarbeidet. (Også tiltakshavar hadde merknader). Me har fleire gonger og på fleire måtar (SMS, e-post og brev levert i hans/firmaet sin postkasse) stilt spørsmål til Sjursen om innmålingsarbeidet. Han svarar ikkje. Dermed veit me ikkje om påleggget i Alver kommune si godkjenning av vegprosjektet er etterkome.

På bakgrunn av det som er nemnt i punkta A og B framanfor, har me følgjande spørsmål til Alver kommune/Plan, Utbygging og Kommunaltteknikk/Bygggesaksavdeling: (dersom dette ikkje er rett avdeling, bed me om at skrivet vert levert til den rette avdelingen).

- 1) Kva gjer Alver kommune for å påsjå at *eigne vedtak* i saker som denne, vert gjennomførde?
- 2) Vil Alver kommune setja i verk tiltak for å få utført det manglande sikringsarbeidet?
- 3) Har Alver kommune gitt «foreløpig brukstillatelse»? Kan me i så fall få kopi av den?
- 4) Har Alver kommune motteke data/koordinatar for den ferdigbygde vegen?
- 5) Dersom svaret på 4) er positivt, kan me då få tilsendt oppdatert kart/målebrev?
- 6) Vil Alver kommune påleggja tiltakshavar å plassera grensemerke som no manglar?

Merknad til 6) – det eine manglande grensemerket er sams for eigedomane gbnr1/12, 1/399 og 1/403. Saman med det andre grensemerket som også manglar, markerar dette grenslina mellom eigedomane gbnr 1/12 og gbnr 1/403.

Svar på spørsmåla kan sendast til underteikna (Berit Hoffstad er bortreist når dette vert sendt)

Mvh


Henrik Brigtzen

Bruskedalsreset 86, 5115 Ulset // 916 16 972 // hbrigt@online.no

Vedlegg: Foto som viser skrenten som er nemnd i dette skrivet, med merke for sikringsarbeid.
Foto som viser midlertidig «sikringsgjerde».